

Velkomen til utdanningsval veke 12

Mo og Øyrane VGS



Hei.

Vi er glade for å kunne ønske 9.klassingar velkomne til utdanningsval ved Mo og Øyrane vidaregåande skule i veke 12 . Frå hausten 2023 er vi Førde vgs [Førde vgs. \(forde.vgs.no\)](https://forde.vgs.no)

Skulen vår er framleis under ombygging og skal slåast saman med Hafstad vgs til Førde vgs, så derfor har vi opplæring på fleire lokalitetar for tida. Likevel håper vi de vil finne dykk vel til rette hos oss på dei ulike yrkesfagleg linjene som vi tilbyr.

Alle elevane som skal ha utdanningsval ved skulestad Øyrane - møter måndag 20. mars ved Concord (bygget på motsatt side av vegen for avd. Øyrane) kl 08.20. Elevar som skal til avdelingane Helse og oppvekstfag, Restaurant og matfag og Sal , service og reiseliv møter inne i auditoriet 1 etg./Concord. Elevar til avdelingane Bygg og Anleggsteknikk (BA), Teknikk og industrifag og Elektro og datateknologi (EL), møter utenfor Concord ved fontena eller inne i gangen (ved dårleg ver). Her vil avdelingsleiarar og rådgjevar vere å ta imot elevar og lose dei til rett klasserom. Tysdag 21. mars vil alle elevane møte direkte i klasserom/verkstad slik dei får informasjon om på måndag.

Elevar som skal hospitere på avdeling Naturbruk møter på Mo, i hallen ved sida av kantina 08.20. Der vert det opprop og fordeling av elevar.

Elevar som vitjar avdelingane BA og TIF, vil få låne arbeidstøy og sko, men det er viktig at elevane her har med seg passende ytterklede til å vere ute i.

De kan ta kontakt med underteikna om det er noko som er uklart eller de har tilleggsinformasjon som de vil formidle.

Ved skulestad Øyrane er det open kantine i matfriminuttet (kl 11:30- 12:00). Men vi anbefaler likevel at elevane har nistepakke med seg til dagane fordi det er så mange besøkjande og det kan verte trangt om plass. Men bruk gjerne kantina som supplering (betaling med kort).

På vegne av skulen, lærarar og elevar ynskjer vi dykk velkomne til ein smakebit av vidaregåande opplæring innan yrkesfag.

Mvh

Liv Horvei

-Ass. rektor -

Inger Helen Savland

- rådgjevar avd. Øyrane -

Jostein Skår Støfring

- rådgjevar avd. Mo -